



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lars Kringstad, 71 25 84 50

Fjord kommune

Uttak av grunnvatn til landbasert oppdrett av settefisk - Stordal Aquaproduksjon AS. Fråsegn til søknad om konsesjon.

Med heimel i vassressurslova er det søkt om konsesjon for å ta ut grunnvatn for å forsyne eit nytt setjefiskanlegg på nordsida av Stordalselva ved Gyljeneset. Søknaden gjeld eit uttak av vatn på gjennomsnittleg 15 l/s og maks. 20 l/s.

Fylkesmannen kjenner ikkje til registrerte naturverdiar i området ut over dei som er omtalt i rapporten. Stordalselva har oppgang av anadrom fisk og elva er verna mot vassdragsutbygging (Verneplan III).

Vasstillhøva er undersøkt ved etablering av to brønnar på staden. Ved full drift blir det vurdert å etablere ein til. Brønnane er lokalisert i utkanten av dyrka mark, rett nord for kommunal veg Moseøyane. Sør for vegen går Stordalselva, som er kanalisert/flaumsika på denne strekninga. Prøvepumpingane som er gjort over eit års tid tyder på at det at det omsøkte uttaket av vatn i svært liten grad vil påverke hydrologien i området og dermed heller ikkje biologisk mangfald eller andre almenne interesser. Vi kan heller ikkje sjå at tiltaket vil vere i konflikt med vassdragsvernet og dei verdiane dette skal ivareta.

Når det gjeld tiltaket i høve til sektorlovgivinga er det ikkje naudsynt med behandling av søknaden etter laks- og innlandsfisklova. Vi kan heller ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova. Det går fram av søknaden at for driftsfasen skal det utarbeidast plan for overvaking og kontroll grunnvassnivå og grunnvasskvalitet. Dette er positivt.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.